



FEIING OG TILSYN



Bømlo brannvern - Stord brann og redning
Sveio brann- og redningsvesen - Fitjar brannvesen



BESØK AV FEIAR OG TILSYNSPERSONELL FRÅ BRANNVESENET

Alle bygningar som er registrert med eldstad eller fyringsanlegg får feiing og tilsyn etter behov. Ved å fjerna sot og bek blir brannfaren i skorsteinen redusert. Kor ofte det skal feiast, er avhengig av sot mengde og fyringsmønster i bustaden. Huseigar må leggja til rette for at feiaren får sikker tilkomst til skorsteinen. Trekkventilar, spjeld og omnsdører må vera lukka ved feiing.

Feiaren fører også tilsyn med alle private bustader/fritidsbustader som har eldstad. Tilsynet omfattar informasjon om korleis du best kan vareta branntryggleiken i bustaden din. Feiaren inspiserer eldstad, røykrøyr, skorstein, røykvarslarar,

sløkkjemateriell, rømmingsvegar og lagring av brannfarleg vare. Eigar eller ein representant for eigar må vera til stades i bustaden under tilsynet. Det lokale elektrisitetstilsyn (DLE) fører tilsyn med det elektriske anlegget.

Bømlo brannvern, Stord brann og redning og Fitjar brannvesen nyttar telefonvarsling ved melding om feiing og bustadtilsyn. Mobilar blir varsla med SMS og fasttelefonar med ein automatisk talemelding. For at du skal få varsel, må du sikra deg at Folkeregisteret har riktige opplysningar om deg, ettersom varslingsystemet hentar oppdateringar derfrå.

TILKOMST FOR FEIAREN

Huseigar er ansvarleg for tilfredstillande tilkomst for feiaren.


- **Husstige**, takstige, taktrinn, gangbru og/eller plattform skal vera typegodkjend.
- **På bygningar** der gesimshøgda er meir enn 5,0 m skal det vera montert stigefeste som hindrar utgliding. Stigen skal vera så lang at denne rekk éin meter over taket.
- **Stige under 5 meter** skal sikrast mot utgliding, velting sidelengs eller bakover, og skal plasserast slik at han står støtt.
- **Skorsteinar** skal ikkje brukast som feste for sikringsutstyr eller stige. Takrenner og snøfangarar er ikkje godkjent som sikring.
- **Takstige eller trinn** på tak som blir nytta som tilkomst for feiaren skal vera typegodkjende og monterast i samsvar med monteringsrettleiinga.
- **Alle tak** med helling skal ha fastmontert takstige eller trinn som skal gå forbi skorsteinen. Avstanden frå takstige eller trinn til skorsteinen bør ikkje vera større enn 30 cm.
- **Takstige/trinn** skal vera utforma slik at tilkomst frå husstige på takgesims over til takstige/trinn kan gjennomførast på ein sikker måte.
- **Takbru** mellom skorsteinar må vurderast i høve til avstanden mellom skorsteinane, helling på taket og om det er meir føremålstenleg enn separat tilkomst til kvar skorstein. Den valde løysinga må ikkje føra til ytterlegare fare for fall.
- **Takstige eller trinn** som ligg lause eller er sikra med kjetting eller tau rundt skorsteinen, er ikkje godkjent som tilkomst på tak (dvs. bøylestigar, krokhar med laus stige og tilsvarande).



Stige under 5 meter skal sikrast mot utgliding, velting sidelengs eller bakover.

Takstige/trinn skal vera utforma slik at tilkomst frå husstige på takgesims over til takstige/trinn kan gjennomførast på ein sikker måte.






Dersom skorsteinen er høgare enn 120 cm over tak, målt på skorsteinen si kortaste side, skal det vera montert feieplattform. Den bør også vera typegodkjend og montert i samsvar med monteringsretteleiing. Alternativt kan det monterast luke i skorstein over tak, jfr. illustrasjon ovanfor.

VED FEIING FRÅ LOFT:

- **Det skal vera trygt**, stabilt underlag (golv) frå loftsluke og fram til skorsteinen.
- **Tilkomsten** skal vera lett tilgjengeleg, rydda og klargjort.
- **Tilkomst til loft** skal vera vanleg trapp, loftsluke med fastmontert trapp eller laus stige med festeinnretning til loftsgolv.
- **Det bør vera montert lys** for å unngå snublefare og for å kunna utføra feiinga på ein forsvarleg måte.



Krav til plassering av luke ved feiing frå loft.

NY ELDSTAD?

Skift til ein reintbrennande eldstad. Nye omnar reduserer risikoen for sotbrann, og gjev 30–50 prosent meir varme enn gamle eldstader. Dei forureinar i tillegg mykje mindre og er meir energiokonomiske.

Meld frå om ny eldstad. Har du montert ein ny eldstad skal du senda melding til brannvesenet om dette. Meldeskjema finn du på kommunane sine heimesider.

Monter eldstaden din rett. Følg rettleiinga for montering, og bruk fagfolk for å sikra korrekt og trygg montering. Røykrøyret bør monterast på toppen av eldstaden. Dette reduserer brannfaren og gjev meir varme.

Rehabilitering av skorstein er søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Det er berre bustader med registrerte eldstader som jamleg får besøk av feiar.

FYRINGSTIPS

Bruk rett brensel til eldstaden din. Bruk tørr ved. Ikkje fyr med trykkimpregner material, og bruk aldri brennbare væsker i ved-, pellets- eller koksfyrt eldstader. Fyring med oljehaldig peiskubbe må gjerast i samsvar med bruksrettleiinga.

Tenn frå toppen. Det gjev hurtig varme og mindre sot. Bygg med tørre vedkubbar nedst, og opptenningsved og opptenningsbrikettar øvst.

Legg i ofte og lite. Fyr med rett trekk. Det trengst mykje luft til god forbrenning. La ventilane i eldstaden vera opne i starten, og regulér dei når du har fått god fyr.

Regelmessig reingjering reduserer risikoen for brann. Oske og sot kan vera varmt og innehalda glør i fleire dagar. Når du tømmer eldstaden for oske må du bruka ein brannsikker behaldar med lok.

VIKTIG Å HUGSA PÅ!

VARSLING

Røykvarslaren kan redde liv ved at han varslar tidleg om røykutvikling eller brann, slik at det er mogeleg å koma seg ut og eventuelt også sløkkja brannen.

Alle bustader/fritidsbustader skal ha røykvarslarar eller brannalarmanlegg. Det skal vera minst éin røykvarslar eller detektor i kvar etasje som skal dekkja kjøkken, stove, sone utanfor soverom og utanfor eventuelle tekniske rom. Desse må høyrast tydeleg i opphaldsrom og på soverom med stengde dører. Eigaren av bustaden har ansvar for å skaffa og montera røykvarslarar, og det er viktig at desse blir montert i samsvar med monteringsretteleiinga. Den som til ei kvar tid er brukaren av bustaden har ansvar for å testa røykvarslarane og skifta batteri jamleg.

Optisk eller ionisk? Optiske røykvarslarar reagerer raskast ved ulmebrann, medan ioniske røykvarslarar reagerer raskast på open eld. Brannvesenet rår til å bruka optiske eller kombinerte røykvarslarar, og at desse blir seriekopla slik at alle varslar samstundes.

Røykvarslarane bør testast minst ein gong i månaden ved å trykkja inn testknappen. Dei fleste røykvarslarar lagar korte og svake pip når batteriet byrjar bli dårleg. Batteriet må då skiftast så snart som mogeleg.



Som hovudregel bør batteriet skiftast éin gong i året, gjerne 1. desember som er den nasjonale røykvarslardagen.

RØMMINGSVEGAR

Ved ein brann er det viktig at alle som oppheld seg i bustaden kjem seg raskt ut. Hald rømmingsvegane ryddige og ikkje plasser sykklar, trillevogner eller andre gjenstandar her. Kontrollér at vindauge og dører er lette å opna, og vurdér om det er behov for ekstra rømmingsmateriell (t.d. stige).

SLØKKJEUTSTYR

Alle bustader/fritidsbustader skal ha høveleg sløkkjeutstyr som kan brukast i alle rom. Det kan anten vera ein husbrannslange eller ulike sløkkjeapparat. Det beste er å ha både husbrann-slange og sløkkjeapparat. Sløkkjeutstyret skal monterast lett tilgjengeleg, og må kontrollerast jamleg.

Husbrannslangen har uavgrensa sløkkjekapasitet. Slangen må vera formfast med innvendig diameter på minst 10 mm og vera fast montert til vassforsyningsnettet.

Skumapparatet må anten vera 9 liter, eller 6 liter med sløkkjeeffekt på minst 21A. Brukstad 9 liter: 20–30 sekund. Skumapparat toler ikkje frost.

Pulverapparatet må vera på minst 6 kilo med ABC-pulver. Eit pulverapparat er lett å ta med seg, og kan brukast på alle typar brannar. Brukstad er 10–20 sekund.

Brannteppe er ikkje påbode, men kan vera eit nyttig tilleggsutstyr.

Snakk med familien om korleis de skal opptre ved brann, og kva slags rømmingsmogleg-heiter de har frå ulike rom. Avtal ein fast møteplass utanfor huset, og gjennomfør gjerne ei brannøving med familien.



Eit brannteppe er svært effektivt mot små brannar i startfasen, men ikkje eigna til å bruka ved større brannar.

Sløkkjespray kan også vera eit godt supplement til anna utstyr. Ei god plassering for dette er på kjøkkenet.

LAGRING AV BRANNFARLEG VARE

I bustad/fritidsbustad kan det lagrast inntil 55 liter brannfarleg gass og inntil 10 liter brannfarleg væske. I garasje, i utvendig bu, båthus eller liknande kan det for personleg bruk lagrast inntil 90 liter brannfarleg gass og inntil 50 liter brannfarleg væske.

Brannfarleg gass skal ikkje lagrast på loft, i kjellar eller i anna rom under terreng.



VED BRANNTILLØP

Om det oppstår brann er det viktig å varsla/redda andre personar og ringa naudnummer 110. Om brannen ikkje har blitt for stor kan du freista å sløkkja, men ikkje utset deg sjølv eller andre for fare. Hugs at røyken er svært giftig. Kom deg ut av bygget og varsla brannvesenet på naudnummer 110.

SLØKKING

Skal du sløkkja ein brann med ein husbrannslange eller brannsløkkingsapparat, hald litt avstand og sikt mot botnen av flammene. Hugs at eit 6-kilos pulverapparat brukar 10–20 sekund på å tømmast. Brukar du husbrannslange, spyl vatn på brannen til du er heilt sikker på at brannen er sløkt, eller fram til brannvesenet kjem. Bruk aldri vatn mot brannar i frityr eller olje. Det vil gje ei eksplosjonsarta brannutvikling. Brenn det i ei gryte er det lurt å kvela flammen ved å leggja lok over gryta og trekkja ho vekk frå plata. Før du sløkkjer brann i elektriske apparat og innretningar bør du trekkja ut støpselet frå stikkontakten.

RØMMINGSVEG

Skulle det oppstå brann, unngå å flytta deg over lengre avstandar i røykfylte rom. Dersom dette likevel er nødvendig, hald deg lågt ved å krypa på golvet. Dersom det er mørkt kan du orientera deg langs veggene. Er rømmingsvegen full av røyk kan det vera mest fornuftig å stengja døra og bli på rommet eller i husværet, eller eventuelt ta seg ut på ein balkong. Gje i så fall tydelege signal om kvar du oppheld deg, slik at du raskt kan få hjelp når brannvesenet kjem.



ELDRE – BRY DEG FØR DET BRENN!

Statistikken syner diverre at eldre som bur heime har fire gonger så stor sjanse for å bli utsett for brann. Dette kan skuldast at ein ved høgare alder har større utfordring med å oppfatta, reagera og evakuera raskt nok dersom ein brann oppstår.

Kanskje er ein blitt dårlegare til beins eller har fått svekka høyrsel?

Dei fleste av oss har eldre som me bryr oss om i nær familie, eller blant naboar og venner. Kanskje kan du hjelpa til og setja fokus på branntryggleik ved neste besøk. Nokre små grep frå deg kan gjera ein stor skilnad i høve til å gjera bustaden «tryggare» for den eller dei ein er glad i.

Døme på slike grep kan vera:

- Sjekka talet på røykvarslarar og at desse fungerer
- Kontroll av slökkjeutstyr
- Vurdera rømmingsveggar
- Vurdera ekstra sikringstiltak som til dømes komfyrvakt, røyketeppe/-laken, LEDlys (i staden for stearinlys), varsling for høyrselshemma (vibrasjon, lys) m.v.

Her kan hjelpemiddelsentralen kontaktast.



Sveio brann- og redningsvesen

Adresse:

Leitevegen 16, 5550 Sveio

E-post: feiaren@sveio.kommune.no

Feiar: 97083238

Sentralbord: 537 48 000



Stord brann- og redning

Adresse:

Vabakkjen 2, 5411 Stord

E-post: brann@stord.kommune.no

Tlf.: 534 96 843 / 534 96 845

Mobil: 97552057 / 97552053



Fitjar brannvesen

E-post: fitjar@fitjar.kommune.no

Tlf.: 534 58 500



Bømlo brannvern

Adresse:

Svortlandsvegen 49, 5430 BREMNES

E-post: brann@bomlo.kommune.no

Tlf.: 534 23 000



VED BRANN

Redd/varsl alle som er i fare.

Ring naudnummer 110.

Sløkk dersom du ikkje utset deg sjølv for fare.

Røm til sikker stad.

Møt på avtalt oppmøteplass.